



**Rapport pr 23 februar 2021**

# Innsamla mengder:

(Vi har lagt om intern rapportering frå 2021, for å skilje betre opphavet til avfallet )

7,5 % nedgang i restavfallmengda.

11,5 % nedgang i matavfalls mengda

7,8 % nedgang i mengd papir.

Plast: Lite data med 1 månad på liten fraksjon,, men det synes som mengd emballasjeplast er uendra.

27 % nedgang i mengd innsamla glas og metall



# Leverte mengder til miljøstasjonen

- 53 % auke i mengd restavfall
- 50 % reduksjon i mengd trevirke
- Vi hadde ein roleg januar, med unntak av veke 1.
- Roleg og i februar, med unntak av fredagane



# Covid -19

- Følgjer situasjonen nøye.
- Har tilgang for publikum til sprit og vaskemiddel i hallen.
- Betalingsterminal spritast mellom kundane.
- Over 90 % betalar via «Tæpping».
- Svært lite bruk av kontántar



# Kommunikasjon:

- Aktivitet i perioden er knytt til kvalitetsavvik på papir, emballasjeplast og emballasje for glas/ metall.
- Produksjon av årsrapportar til Statsforvaltar, SSB og styret.
- Det er stilt om VØR på Fb for tida. Lite kritikk.
- Grendalagsleiarane på besøk i fire puljer, i samband med planlegging av bygderydding 2021.
- Kommunikasjonsansvarleg er brukt på diverse prosjekt.
  1. Eigen plastbehaldar for innbyggjarane
  2. Type papirpose og oppsamlingsstativ i kjøkenskuff
  3. Automatisering av ettersortering av papir.
  4. Baklastar kontra sidelastar ved innsamling papir/ plast



# Raud boks



- Vi startar arbeidet med å få inn farleg avfall.
- Nettsideleverandøren vår Custom Publish har ikkje klar nettbasert bestilling av henting før andre halvår 2021. Innsamlinga av FA, slik vi har hatt det sidan 2018, vert derfor vidareført også i 2021.
- Bygderydding og FA aksjon som er utandørs aktivitet, blir forsøkt samkjørt, for å minske innslag av FA i metallcontainer.

# Slamtøming 2021.



- Mellomrunde i 2021.
- Avvik oppdaget i 2020 og som vi fekk rapport om ved årsskiftet, er rapportert til kommunane også i år.

# Status off. anskaffingar (investeringar.)

På utstyrssida er investeringar planlagde i 2021 for det meste utsette til 2022, grunna forseinking i byggeprosjektet på Melsgjerdet 3.

- Bilkjøp 2022. Utskifting av sidelastar frå 2011. Sist tok det 13 månedar. (leasing)
- Bytte av hjullastar frå 2008, gått 14.500 timar. Den skal brukast på Melsgjerdet og må ha full utstyrspakke med oilquick. Levering til opninga i 2022. (leasing) Vi må ha høgt tipp, skuff for lasting av restavfall, snøskuff, hydrauliske gaflar, feieaggregat, sandstrøar og klypeaggregat.
- Komprimatorar for papp ( leasing) til transport av papp frå miljøstasjon til Melsgjerdet.
- Rankevendar hageavfall
- Containerar til emballasje for glas og metall, hytteavfall m.m.
- Sorteringslinje papir / glas og metall. ( under utgreiing)

# ISO 9001.

- Oppfølgingsmøte etter Leiinga sin gjennomgang no i mars.  
Så langt følgjer vi måla som er settet, med særskilt fokus på kvalitet i avfallet. Der blir det jobba godt. (Det må vurderast seinast i budsjettet for 2022, om vi skal sette fleire på linja for å kontrollere det som vert kasta)
- Internrevisjon mars/ april



Kvalitet på  
emballasje av  
glas/metall i  
januar



# Kvalitet på papiret: Mykje laus plast og restavfall innblanda



# Samarbeid RIR, ÅRIM, SSR og VØR

- Neste møte 11 mars på Bingsa.
- Arbeidet i arbeidsgruppa for ettersorteringsanlegg går framover.
- RIR opnar det nye sorteringsanlegget sitt til 60 mill kr. til ferien, der dei skal kværne, sortere ut metall, stein / tungfraksjon og til slutt balletere avfallet.
- RIR Vurderar og NIR maskin for utsortering av plast og papir.



SSR



# Tilsyn – farleg avfall – regjering - EU



- VØR er særskilt brannobjekt f.o.m. 2021.
- Årsrapportane er leverte no i februar.
- Ny forskrift om tvungen innsamling av plast og organisk avfall og frå næringsverksemder f.o.m. 2023 er på høyring.
- Ei forskrift med klarare definisjon på når avfall går over til å verte råvare.



# Status omlasteanlegg Melsgjerdet-1.

- Igangsettingsløyve truleg denne veka
- Totalentreprenør har gått inn kontrakt med underleverandørar:
- Norconsult er prosjekterande.
- Betong: Avage AS.
- Stål: Bjørdal Industrier AS
- Ventilasjon / luktrensing: GK Inneklima AS
- Elektro: Eid Elektro AS
- Rørlegging: Skaar VVS AS

# Status omlasteanlegg Melsgjerdet-2.

- VØR må sende tilleggs søknad om Løyve til Statsforvaltaren. Det må søker om infiltrasjon av vassmengder fra ikke ureina områder på VØR sin tomt.
- Bakgrunn er uttale fra Statsforvaltaren(Sfv): « Sfv og Ørsta Kommune har tolka grunnlaget for løyvet ulikt når det kjem til handtering av overvassmengder for påslepp til kommunalt nett. Sfv har lagt til grunn at der er eigen overvassleidning til stade i tillegg til spillvassnett, noko som ikke er tilfelle....  
...Det er uheldig med påslepp av reine vassmasser til kommunalt renseanlegg....  
.....Det er ønske om ein felles søknad for Fase A og B, for å sjå dette mest mogleg i heilskap....  
Områder med risiko for avrenning av organisk materiale, skal som før i kommunalt spillvassnett.»

# Søknad om Løyve til Biogassanlegg - status

- Statsforvaltaren: Søknad vert handsama i samband med tilleggs-søknad om infiltrasjon frå reine områder, Fase A og B.

